



Meland kommune

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/874 - 19/11534

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
23.05.2019

Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken

Vedlagt følger vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:

Lindås kommune, Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Radøy kommune, Statens vegvesen Region vest

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild	FE-205	19/874

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
30/2019	Formannskapet	PS	24.04.2019
22/2019	Kommunestyret	PS	15.05.2019

Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Stortinget har vedtatt at fritaksordninga for nullutsleppskøyretøy vert avvikla. Det er lagt opp til at eksisterande prosjekt kan innføra bompengeavgift for nullutslepps-køyretøya som ligg mellom 0 og 50 prosent av den ordinære taksten, dersom det er lokalpolitisk tilslutnad til dette.

Som ein del av oppfølginga av Prop. 87 S (2017-2018) har Statens vegvesen, Region vest informert det regionale bompengeselskapet Ferde AS om endringa i takstretningslinjene. Ferde AS har bede om at det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i dei prosjekta og bompenge-pakkane i regionen der det er lokalpolitisk tilslutnad om å innføra ei slik avgift.

Statens vegvesen, Region vest sender sak til politisk handsaming i alle kommunar i regionen som har bompengeprojekt eller –pakkar der det ikkje er fatta vedtak om betaling for nullutsleppskøyretøy.

Takst for nullutsleppskøyretøy

Oppheving av fritaket for nullutsleppskøyretøy medfører at kommunane og fylkeskommunen kan vedta kva for eit nivå bompengeavgifta for nullutsleppskøyretøy skal ha innanfor intervallet 0-50 prosent av ordinær bompengetakst.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama 25. oktober 2018 (sak 254/18) om bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy, og fatta følgjande vedtak:

1. Fylkesutvalet legg til grunn at alle bompengeprojekt og -pakkar i Hordaland skal ha 50 % bompengar for nullutsleppskøyretøy.

2. For bomringen i Bergen viser fylkesutvalet til allereie vedtekne avtale i Miljøløftet om at elbilar skal betale ein rabattert takst på ti kroner utanom rushtid, og 20 kroner i rushtida når andelen elbilar når 20 prosent av alle passeringar.

Vedtaket frå Hordaland er i tråd med det Stortinget har slutta seg til at kan leggjast til grunn for nye bompengeprojekt. Det medfører at kommunane, innanfor ramma av det fylkeskommunale vedtaket, kan velja om ein vil innføra bompengavgift for nullutsleppskøyretøy på 50 prosent av den rabatterte taksten for dei konvensjonelle køyretøya, eller om ein vil halda på ingen avgift for nullutsleppskøyretøya, slik ordninga i praksis fungerer i dag, etter at Prop 87 S (2017-2018) vart vedteken.

Om kommunane vedtek eit anna takstnivå enn 50 prosent etter rabatt for nullutsleppskøyretøya, vil det slik SVV vurderer saka, krevja ny handsaming i fylkeskommunen.

Nye bompengetakster i Nordhordlandspakken

I Prop. 87 S (2017-2018) er det omtalt at det for nye bompengeprojekt i utgangspunktet skal leggast til grunn at køyretøy i takstgruppe 2 skal ha 0 prosent av taksten for konvensjonelle køyretøy, dersom det ikkje er fatta lokalpolitiske vedtak om noko anna. Det fylkeskommunale vedtaket spesifiserer ikkje om bompengavgift for nullutsleppskøyretøya gjeld alle nullutsleppskøyretøy, eller berre dei som sorterar under takstgruppe 1 (inntil 3500 kg). Statens vegvesen legg difor til grunn at det vert opp til kommunane å avgjera om avgifta skal gjelda alle nullutsleppskøyretøy, eller berre dei som sorterar under takstgruppe 1.

Ved innføring av bompengar for nullutsleppskøyretøy for Nordhordlandspakken gjelder følgjande takstar (2017-prisar):

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Bompengetakst	Kr 19	K 31
Nullutslepp	Kr 7,60	

Takstgruppe 1: Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tillaten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Konvensjonelle køyretøy i takstgruppe 1 som passerer med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke får 20 prosent rabatt.

Nullutsleppskøyretøy: Køyretøy med elektrisk motor, og som har drivstoffkode 5 i vognkortet eller HY-registreringsskilt. Redusert takst for nullutsleppskøyretøy krev gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke.

Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy vart presentert for kontaktutvalet for Nordhordlandspakken 13.11.2018. Ein vart i møtet einige om at Statens vegvesen sender sak til lokalpolitisk handsaming i kommunane, slik at ordninga kan vera på plass i i Nordhordlandspakken ved innkrevjingsstart.

Kommunane vert invitert til å gjera likelydande vedtak.

Framlegg til vedtak:

Det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betala 50 prosent av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

Formannskapet - 30/2019

FS - behandling:

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 5 røyster for, (2 AP, H, SP, KrF), 1 røyst mot, (FrP), og er såleis vedteke.

FS – framlegg til vedtak (mot 1 røyst):

Det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betala 50 prosent av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

Kommunestyret - 22/2019

KS - behandling:

Protokolltilførsel frå Øyvind Bratshaug, FrP:

Avtalen for Nordhordlandspakken sies opp for å få ny behandling basert på oppdaterte og realistiske kostnadsprognoser.

Protokolltilførsel frå Ørjan Kristiansen, Uavh, som AP, H, SP, KrF, MDG, V, BF og Uavh stiller seg bak:

Kommunestyret stiller seg positiv til hyppigere avgangar med snøggått frå Frekhaug for å kompensere for påfølgjande auka trykk på denne.

Avrøysting:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak fekk 24 røyster for, (AP, H, SP, KrF, MDG, V, BF, Uavh), 3 røyster mot, (FrP), og er såleis vedteke.

KS - vedtak (mot 3 røyster):

Det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken.

Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betala 50 prosent av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt.

Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.